

FORELDREINFO FEBRUAR 2025

FAU/SU

Referat frå SU 18.feb finn de på [heimesida](#).

Neste møte i FAU er 25.mars



KARNEVAL

1. og 2. trinn hadde karneval torsdag før vinterferien. Elevane var alt frå superheltar, fotballspelarar til prinsesser, bønder og ryttarar. Kjempe kjekke dag med mange gilde aktivitetar. Dei fekk setta halen på grisen, dansa limbo, stolleiken og laga fastelavnsris.



SFO

Minner om siste frist til påmelding SFO skuleåret 25/26 er 1.mars. Ta kontakt med Siw om du lurer på noko.

Bjerkreimsvarden

Arbeidet går som planlagt. Så langt har dei satt ned kummar og lukka ledningsgrøfter, i dei kommande vekene er planen at dei skal i gang med betongarbeidet. Per dags dato køyrar det ca 1 lastebil i timen gjennom skulegarden på oppsida av skulen. Etter kvart vil det køyra meir tungtransport, det vil derfor i periodar være stengt for leik på oppsida i friminutta. Viss elevane skal leika på skulens område i vinterferien er det viktig at dei tek omsyn til arbeidet som føregår.

Hei!

Nå var me alt komne til vinterferien. Mange klassar har hatt foreldremøter, og dei som ikkje alt har gjennomført det, skal ha det rett etter vinterferien. Då startar me og opp med heim- skulesamtalar, ei god anledning til å ta opp korleis det går både fagleg og sosialt både for heim og skule.

I februar har me gjennomført leseprosjekt på alle trinna, 3 klasse har feira at dei har gått 500 dagar på skulen, tenk allereie halvvegs til 1000... Og fleire klassar har vore ute på tur i det fine været.

Ønsker alle ein fin vinterferie!

Mvh **Karen M. Ollestad**

Rektor